



bnr. 14 med 1/6. Formann for dette vegarbeidet er eigaren av
gnr. 106, bnr. 4 med 1/6, bnr. 5 med 1/6, bnr. 6 med 1/6 og bnr.

Arbeidet skal setjast i gang når ein av dei i denne
vegen interessera partar krev det.

Veg nr. 2, vegens fram til den sams kai på nordsida av Naust-
nåset. Vegen går fra veg nr. 1 mellom grensemerke

29 og 76 på austre sida av grense 9 fram til grense 8. Her-
frå er vegen avmerka på austre sida av vegen og veggrensa tek-
til i endepunktet av grense 8 og går N.N.V. 8,6 m til kross i
fjell (96), herfrå i same retning 13,4 m til kross i fjell
(97), herfrå noko meir vestleg 8,1 m til kross i stein (98),
herfrå N.V.t.V. 14,4 m til kross i fjell (99) og herfrå i om-
lag same retning 7,7 m til grensemerke 20 ved den sams kai.

Vegen skal ha ei köyrebane av 2,5 m. Vegen er til bruk for
gnr. 106.

Vegen skal opparbeidast av: Bnr. 1 med 1/6, bnr. 3 med
1/6, bnr. 4 med 1/6, bnr. 5 med 1/6, bnr. 6 med 1/6 og bnr.
14 med 1/6.

Vegen skal haldast vedlike av bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7,
9, 10, 11 og 14 med lik del for kvart av dei her nemnde bruk.
Formann for dette vegarbeid er eigaren av gnr. 106, bnr. 14.

Arbeidet skal setjast i gang når ein av dei i denne
vegen interesserte partar krev det.

Veg nr. 3 går fra veg nr. 1 ved grensemerke 42 på nordvestsida
av grense 17 og 15 fram til grense 12 ved grensemerke
32 og vidare 5 m på nordvestsida av grense 13 slik at bnr. 10
får innkjørsle til sin teig. Bnr. 9 har rett på innkjørsle til
sin teig på nordaustsida av grensemerke 38. Vegen skal ha ei
köyrebane av 2,5 m og er til bruk for gnr. 106, bnr. 7, 9, 10

Vegen skal opparbeidast og haldast vedlike av bnr. 7, 9, 10 og 11 med lik del for kvart av desse bruk. Formann for vegarbeidet er eigaren av bnr. 7.

Arbeidet skal setjast i gang når ein av dei i denne vegen interessera partar krev det.

Veg nr. 4. Under grensereguleringa mot yttergrensa for gnr.

106, bnr. 8 var eigaren av dette bruk Teodor Fanebust samd i at det skulle gå ein gongveg av ein meter breidd frå hovedvegen vestover over bnr. 8 sin teig fram til yttergrensa nord for grensemerke 2, herfrå går vegen vidare over bnr. 2 sin teig på lagelegaste stad fram til grensemerke 62 og herfrå fram til grensemerke 57. Vegen har ei bredd av 1 m og er til bruk for gnr. 105, bnr. 4 og gnr. 106, bnr. 2 og 9.

Vegen må ikkje koma til meins for bygg på bnr. 2 og kan omleggjast.

Veg nr. 5. Naustveg for bnr. 5 og 10 går frå veg nr. 1 over bnr. 6 sin teig frå grensemerke 72 til grensemerke 45 og grensemerke 44 og fram til grense 19 mellom grensemerka 48 og 49. Vegbredda er 1 m. Vegen er til bruk for gnr. 106, bnr. 5, 6 og 10.

Veg nr. 6. går frå veg nr. 2 ved grensemerke 97 over bnr. 14 sin teig fram til grensemerke 19, herfrå over bnr. 5 sin teig fram til grensemerke 79. Vegbredda er 1 m og vegen er til bruk for gnr. 106, bnr. 5 og 22.

Veg nr. 7. gongveg til naustplassen for bnr. 7 går frå veg nr. 12 ca. ved grensemerke 98 nordover over teigen til bnr. 14 på lagelegaste stad fram til grense 11. Vegen må ikkje vera til hinder for byggjing av naust på bnr. 14.